

Oppstart kommuneplans arealdel – landbruksfagleg merknad

(x) er ein viktig landbrukskommune i Møre og Romsdal som har (x) gardsbruk i aktiv drift og har areal som består av både dyrka- og dyrkbar jord (antal dekar), samt beitemark som også er ein viktig ressurs til jordbruksdrifta. Kommunen må i planarbeidet leggje til rette for at landbruksnæringa har gode arealmessige rammevilkår slik at vi når den nasjonale målsettinga om auka matproduksjon i takt med folketalsauka. Fortetting og transformasjon av eksisterande areal avsett til bustad og næring kan i så måte vere eit godt tiltak for eit sterkt jordvern og satsing på landbruksnæringa i kommunen. Å sette endeleg byggegrense mellom sentrum/bustad/næringsareal mot landbruksområde er også eit tiltak som bør nyttast.

Norge har lite jordbruksareal pr. innbyggjar samanlikna med mange andre land. For å sikre matproduksjonen er det dermed viktig med eit sterkt jordvern. Vi vil gjerne vise til Stortingsmelding nr. 9 (2011 – 2012) *Landbruks- og matpolitikken – Velkommen til bords*, og Stortingsmelding 11 (2016 – 2017) *Endring og utvikling – en fremtidsrettet jordbruksproduksjon*», samt veileidar «Garden som ressurs» for meir informasjon. Heimesida til Fylkesmannen i Møre og Romsdal under «Jordvern» kan også vere nyttig <https://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Landbruk-og-mat/Jordvern/>.

Nedbygging av jordbruksareal er langt på veg ein irreversibel prosess, og ei stor utfordring både internasjonalt, nasjonalt og lokalt. 8. desember 2015 vedtok Stortinget ein ny nasjonal jordvernstrategi med målsetting om det ikke skal omdisponerast meir enn 4000 daa med matjord i året, dette som eit ledd for å auke sjølvforsyningsgraden i Norge og som eit beredskapstiltak. Fylkestinget i Møre og Romsdal vedtok den 13.6.2017 *Landbruksmeldinga for Møre og Romsdal 2017-2021* der det står at Møre og Romsdal som minstemål må ta sin relative del av dette, og ha som ambisjon å halde omdisponert areal dyrkamark under 200 dekar i året.

Kommunane er den viktigaste jordvernmyndigheita, der arealplana til kommuneplan skal styre arealbruken. Plan- og bygningslova og jordlova, med til dømes § 8 om driveplikt, er verktøy som kommunen kan bruke for å nå målet om redusert tap av matjord og legge til rette for langsiktige og føreseielege arealmessige rammevilkår for landbruksnæringa.

Dersom kommunen ønskjer å ta nye areal beståande av dyrka- og dyrkbar jord til andre føremål enn matproduksjon, må det som ein del av konsekvensutgreiinga gjerast ein dokumentasjon på dei areala som ønskes omdisponert. Vi legg til grunn at det vert utført ei landbruksfagleg utgreiing som klargjer eigeoms- og arronderingsmessige konsekvensar, drifts- og miljømessige ulemper, konsekvensane for kulturlandskapet og ikkje minst i høve til kommunen sitt langsiktige utbyggingsmønster. Antal dekar dyrka- og dyrkbar jord som vert føreslått til andre føremål må gå tydeleg fram av konsekvensutgreiinga både på kvart einskild tiltak og samla for heile plana. Som dyrka jord meiner ein både fulldyrka- og overflatedyrka jord, samt innmarksbeite. Ei oversikt over kor mykje areal ein har tilgjengelig i kommunen i dei same kategoriane før plana vert vedteken, er også nyttig og oversikteleg statistikk for alle partar. Det er også ønskjeleg med bruk av gode illustrasjonar, bilete og skisser for å synleggjere arealet og tiltaket, samt gnr. og bnr. Utgreiing av alternative

lokaliseringar er også særst viktig i kommuneplanssamanheng, særleg der nye større utbyggingsområde vert lagt ut, og der konflikten med jordvernet er stort. Før kommunen vurderer å ta areal av dyrka og dyrkbar jord til andre føremål, må fortettingspotensialet og transformasjon i allereie omdisponerte område til dei ulike føremåla dokumenterast. På heimesida til Fylkesmannen ligg det fleire artiklar med tilbakemelding på kommunale planer som det kan vere nyttig å sjå til <https://www.fylkesmannen.no/nn/More-og-Romsdal/Landbruk-og-mat/Jordvern/Plan/?id=97119&epslanguage=nn>

Fylkesmannen forventar at det i planarbeidet vert fokus på eit arealreknskap som er i samsvar mellom ei realistisk folketalsutvikling i kommunen og behovet for nye bustadareal, samstundes at ein som nemt legg vekt på fortetting av eksisterande bustadområde, dette for blant anna å hindre nedbygging av god matjord. Det er også sterkt ønskjeleg at viktige landbruksareal vert avsett som «omsynssone landbruk» i plankartet med dertil eigna føresegner og retningsliner. Det vil gi gardsbruka som driv aktivt landbruk føreseieleg rammevilkår til å satse og videreutvikle landbruksnæringa i kommunen. Målet er å få ei framtidsretta kommuneplan som tek omsyn til både landbruksnæringa og andre samfunnsinteresser.

Landbruksnæringa omhandlar både landbruk og skogbruk. Kommuneplana må legge til rette for skogbruksnæringa ved å ta omsyn til at uttak av virke og tømmer krev infrastruktur i form av skogsbilveggar og tømmertransport, og at grunneigarar har tilstrekkeleg areal til å kome seg uhindra til skogteigen. Ved plassering av bustadar, fritidsbustadar og næringsområde i nærleiken av hogstfelt, er det også viktig å tenke klimatilpassing, blant anna om overfor- eller nedanforliggjande areal kan utgjere ein risiko ved auka nedbør og fare for ras etter gjennomføring av hogst.